

# Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling

## MANDAT OG ORGANISERING

versjon 1, 03.2015

Fagleg nettverk mellom kommunane, Helse Fonna HF,  
Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB),  
Høgskolen Stord/Haugesund, Kreftomsorg Rogaland og  
Kreftforeningen Distrikt Vestlandet



## Forklaring av forkortingar

SU: Samhandlingsutvalet ([www.helse-fonna.no](http://www.helse-fonna.no))

FOUSAM: Forsking- og utviklingseining for samhandling ([www.fousam.no](http://www.fousam.no))

## Overordna mål

Faglege nettverk vert oppretta for å sikre gode pasientforløp på tvers av nivå. Hovudfokus skal vere fagutvikling, pasientforløp og oppfølging av viktige områder i samarbeidsavtalane mellom føretak og kommunane. Nettverket skal òg ha oversikt på arena og kanalar for samarbeid på feltet.

## Organisering og forplikting for partane

- Samhandlingsutvalet (SU) etablerer og godkjenner faglege nettverk mellom kommunane og Helse Fonna, slik det er beskrevet i samarbeidsavtalane.<sup>1</sup>
- Partane forpliktar seg til deltaking i nettverk som vert oppretta av SU.
- Medlemmene i nettverket er kontakt- og ressurspersonar for feltet i sin organisasjon.
  - Arbeidsgivar legg til rette for deltaking og korleis ressurspersonen skal nyttast i eigen organisasjon.
  - Dersom ein ressursperson sluttar, har avtaleparten ansvar for ny oppnemning og melding til sekretariatet (KLB) og driftsgruppa for nettverket. Når ny ressursperson vert oppnemnd, skal arbeidsgjevar kalle inn til eit møte der forventningar, planar og ønskje vert avklara.
  - Arbeidsgivar skal ha årleg møte med ressurspersonen for å planlegge arbeidet.
- Kvar part dekkjer utgifter til deltaking for sine tilsette. Brukarorganisasjonane dekkjer utgifter til deltaking for sine medlemmer, dei kan søkje dekning frå FOUSAM.
- Nettverket skal ha ein kontaktperson i FOUSAM.
- Nettverket skal bidra inn i utvikling av pasientforløp og tilhøyrande prosedyrar på tvers av nivå og i utforming av brosjyrar og undervisningsmateriell. SU kan via FOUSAM setje ned eigne arbeidsgrupper.
- Nettverket skal med bakgrunn i praksis og oversikt på meldte avvik, bidra til å avdekke flaskehalsar og utfordringar i pasientforløpa. Ut frå fagleg kompetanse, erfaring og kunnskapsbasert praksis, skal nettverket komme med forbetningsforslag.
- Fagseminar og liknande skal arrangerast i samarbeid med FOUSAM.

---

<sup>1</sup> Tenesteavtale 6, punkt 2 og Tenesteavtale 2, punkt 11 [www.helse-fonna.no/samhandling](http://www.helse-fonna.no/samhandling)

- Nettverket skal utarbeide ein handlingsplan for kvart år og sende han til FOUSAM innan 30. november.
- SU vedtek satsingsområder for FOUSAM. Nettverket sin handlingsplan må vere i tråd med satsingsområda. SU kan òg bestille oppdrag hos nettverket via FOUSAM. Nettverket sin handlingsplan skal òg vere i tråd med felles strategi for nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helseregion Vest.
- Nettverket skal rapportere årleg utført aktivitet til FOUSAM, innan 31. januar.
- FOUSAM samlar rapporteringar frå alle nettverk og rapporterer vidare til SU innan 28. februar kvart år.

Ved etablering av nettverk, skal desse punkta avklarast og skriftleggjerast:

## Mål for nettverket

*Må ha fokus på gevinst for sluttbrukar (innbyggjar/ pasient/ brukar)*

- Bidra til kompetanseheving, samarbeid og betre samhandling på alle nivå i helsetenesta innan kreftomsorg og lindrande behandling.
- Bidra til at kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, og deira pårørande, opplever tryggleik og motteke helse- og omsorgstenester av god kvalitet.
- Stimulere til fagutvikling og sikre samarbeid med prosjektgrupper og forskingsgrupper på området.

## Bakgrunn for etablering

*Beskrive kvifor nettverket vert etablert, med bakgrunn i fagmiljø og leiing si vurdering.*

Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling er etablert i alle føretaksområde i Helse-region Vest som eit samarbeid mellom helseføretak, kommunar, Kreftforeningen Distrikt Vestlandet, aktuelle høgskular, evt. andre organisasjonar og Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB). Nettverket i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde har eksistert sidan 2003, og har vore forankra i ein forpliktande samarbeidsavtale sidan 01.12.2005.

I Helse Fonna sitt føretaksområde er Samhandlingsutvalet (frå 01.01.2012) det formelle samarbeidsorganet mellom Helse Fonna, kommunane og Høgskolen Stord/Haugesund. Partane forpliktar seg til deltaking i felles faglege nettverk (jf. Tenesteavtale 2 punkt 4.1.2 og punkt 4.1.3). Det faglege nettverket for kreftomsorg og lindrande behandling vert derfor plassert inn i denne strukturen frå og med 01.02.2015. Dette mandatet erstattar tidlegare inngått samarbeidsavtale (sist fornya 10.11.2011).

## Grunnlagsdokument for etableringa

*Skal byggje på lover, forskrifter, retningslinjer, nasjonale handlingsplanar, samarbeidsavtalar og bestillardokument eller andre aktuelle dokument.*

- Godkjent mandat for faglege nettverk i Helse Fonna regionen
- Nasjonal kreftstrategi 2013-2017  
[http://www.regjeringen.no/pages/38351756/kreftstrategien\\_2013.pdf](http://www.regjeringen.no/pages/38351756/kreftstrategien_2013.pdf)
- Nasjonalt handlingsprogram med retningslinjer for palliasjon i kreftomsorgen (revidert 2013)  
<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/nasjonalt-handlingsprogram-med-retningslinjer->

for-palliasjon-i-kreftomsorgen-/Publikasjoner/nasjonalt-handlingsprogram-for-palliasjon-i-kreftomsorgen.pdf

- Regional kreftplan 2005-2010 (med perspektiver til 2020). Helse Vest RHF (2004)  
[http://www.helse-vest.no/no/OmOss/Rapportar/Regionale\\_planar/Documents/Regional%20kreftplan%202005-2010.pdf](http://www.helse-vest.no/no/OmOss/Rapportar/Regionale_planar/Documents/Regional%20kreftplan%202005-2010.pdf)
- Strategi 2012-2015. Kreftforeningen  
<https://kreftforeningen.no/PageFiles/194/Strategi%202012-2015.pdf>

## Deltakarar i nettverket

*Skal synleggjere kven som deltek i nettverket: namn på kommunar, sjukehus, brukar-organisasjonar, faginstansar, faggrupper, kompetansesenter med meir.*

*Invitasjon til deltaking vert sendt ut via FOUSAM ved SU-koordinator, SU vedtek samansetting ut frå kandidatar som er meldt inn.*

Deltakarar i nettverket er kommunane i Helse Fonna-området, Helse Fonna HF, Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB), Høgskolen Stord/Haugesund (HSH), Kreftomsorg Rogaland (KOR) og Kreftforeningen Distrikt Vestlandet.

Nettverket består av ressurspersonar frå kvar kommune og frå sjukehusavdelingar som behandlar kreftpasientar eller andre pasientar som treng lindrande behandling.

Dei praktiske oppgåvene til ressurspersonane er knytt til

- Klinisk arbeid på arbeidsplassen
- Samhandling og systemarbeid
- Klinisk forbetningsarbeid og kompetanseoppbygging

Interkommunale løysingar kan vurderast for ressurspersonar innan andre fagområde enn sjukepleie.

## Organisering av nettverket

### Nettverket av ressursjukepleiarar

Nettverket er organisert gjennom lokale nettverksgrupper.

Nettverksgruppene i nettverket av ressursjukepleiarar er samansett av ressurspersonar som er nemnd opp frå kommunane og Helse Fonna HF, med følgjande inndeling:

#### Gruppe 1: Nettverk Hardanger

Odda sjukehus, Odda, Eidfjord, Ullensvang og Jondal kommune

#### Gruppe 2: Nettverk Indre Haugalandet

Haugesund sjukehus, Vindafjord, Etne, Sauda og Suldal kommune

#### Gruppe 3: Nettverk Sunnhordland

Stord sjukehus, Stord, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Tysnes kommune

#### Gruppe 4: Nettverk Ytre Haugalandet Midt

Haugesund sjukehus, Bokn, Sveio, Tysvær og Utsira kommune

#### Gruppe 5: Nettverk Ytre Haugalandet Nord

Haugesund sjukehus, Avaldsnes, Torvastad og Norheim i Karmøy kommune, Udland og Haraldsvang i Haugesund kommune

#### Gruppe 6: Nettverk Ytre Haugalandet Sør

Haugesund sjukehus, Kopervik, Veia, Åkrehamn og Skudenes i Karmøy kommune, Vardafjell og Bjørgene i Haugesund kommune

Tilsvarende organisering med nettverksgruppe(r) vil gjelde for nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling for andre faggrupper, til dømes nettverk av fysio- og ergoterapeutar. Talet på nettverksgrupper må verte tilpassa størrelsen på nettverket.

Nettverksgruppene skal bidra til at det forpliktande samarbeidet fungerer etter intensjonen. Dei skal bidra til samhandling og fagleg kvalitet i tilbodet til pasientar og pårørande, og dei skal bidra med erfaringsutveksling, rettleiing, fagleg utvikling og kompetanseheving, både i gruppa og på arbeidsplassen til den einskilde ressurspersonen. Nettverksgruppene rapporterer til driftsgruppa. Den einskilde ressurspersonen skal ein gong i året på førespurnad rapportere om funksjonen sin til nettverket og til eigen leiar.

#### Fagsamlingar

Nettverksgruppene forpliktar seg til jamlege lokale samlingar, minimum ein gong per halvår. Nettverksgruppene forpliktar seg og til å delta på den årlege fellessamlinga for nettverket.

Arbeidsgivar forpliktar seg til å legge til rette for lokale samlingar i nettverket etter ei rotasjonsordning.

#### Leiing av nettverket

Nettverket blir drifta av ei eller fleire fagspesifikke driftsgrupper og ei felles styringsgruppe.

Alle deltakarane forpliktar seg til deltaking i nettverket si driftsgruppe og styringsgruppe.

#### Driftsgruppa for nettverket av ressursjukepleiarar

Driftsgruppa for nettverket av ressursjukepleiarar er samansett av ein (1) representant frå sjukehuset og ein (1) representant frå kommunane i Stord lokalsjukehusområde, ein (1) representant frå sjukehuset og ein (1) representant frå kommunane i Odda lokalsjukehusområde, ein (1) representant frå sjukehuset og to (2) representantar frå kommunane i Haugesund lokalsjukehusområde, samt ein (1) representant frå kvar av deltakarane KLB, HSH, KOR og Kreftforeningen. Representantar til driftsgruppa skal veljast blant ressurspersonane i nettverket og slik at alle nettverksgrupper er representerte.

Oppnemning av representantane skjer for to (2) år om gongen. Driftsgruppa vel leiar for to (2) år om gongen. I tråd med Kreftforeningen sine retningslinjer kan Kreftforeningen sin representant ikkje veljast som leiar av driftsgruppa. Når ein nemner opp representantar til driftsgruppa, bør partane ta omsyn til både kontinuitet og ny-rekruttering.

Tilsvarande organisering med driftsgruppe vil gjelde for nettverk for andre faggrupper, for eksempel nettverk av fysioterapeutar og ergoterapeutar.

Driftsgruppene skal bidra til at det forpliktande samarbeidet fungerer etter intensjonen. Dei har ansvar for den praktiske drifta av nettverket og skal lage ein plan for arbeidet. Driftsgruppene skal bidra til kompetanseutvikling i nettverket, i samsvar med vedtatt kompetanseplan.

Driftsgruppene bør arrangere ein årleg fagdag for nettverket og introduksjonskurs for nye ressurspersonar etter behov.

Leiar av den enkelte driftsgruppa rapporterer til styringsgruppa.

### Styringsgruppa

Styringsgruppa er samansett av ein (1) felles, administrativ representant frå kommunane, ein (1) administrativ representant frå kvar av dei andre deltakarane, samt leiarane for driftsgruppene. Kreftomsorg Rogaland har ikkje eigen representant i styringsgruppa, men vert representert via Kreftforeningen.

Oppnemning av representantane skjer for to (2) år om gongen. SU nemner opp kommunane sin representant. Styringsgruppa konstituerer seg sjølv og vel leiar for to (2) år om gongen. I tråd med Kreftforeningen sine retningslinjer kan Kreftforeningen sin representant ikkje veljast som leiar av styringsgruppa.

Partane bør streve etter å få både kontinuitet og ny-rekruttering ved oppnemning av nye representantar til styringsgruppa.


Styringsgruppa har overordna ansvar for drifta av nettverket og skal følgje opp driftsgruppene sitt arbeid.

### Organisering av faglege nettverk i Helse Fonna regionen

FoU-enhet for samhandling (FOUSAM) har ansvar for å koordinere faglege nettverk på oppdrag frå SU. Andre faglege nettverk med mandat fra SU som FOUSAM koordinerer i dag er Geriatrisk fagnettverk, IKT nettverk, Fagleg nettverk for barn og unge, Læring- og mestringsnettverket, Tuberkulosenettverket og Faglig nettverk for akutt beredskap.



Organisering av nettverk av ressurspsykeleiere i kreftomsorg og lindrende behandling i Helse Fonna



Nettverket er inndelt i seks lokalgrupper

Nettverk Hardanger	Nettverk Indre Haugalandet	Nettverk Sunnhordaland	Nettverk Ytre Haugalandet Midt	Nettverk Ytre Haugalandet Nord	Nettverk Ytre Haugalandet Sør
Odda sjukehus	Haugesund sjukehus	Stord sjukehus	Haugesund sjukehus	Haugesund sjukehus	Haugesund sjukehus
Eidfjord	Etna	Bømlo	Bokn	Avaldsnes	Kopervik
Jondal	Sauda	Fitjar	Sveio	Torvastad	Vea
Odda	Suldal	Kvinnherad	Tysvær	Norheim	Åkrehamn
Ullensvang	Vindafjord	Stord	Utsira	Udland	Skudenes
		Tysnes		Haraldsvang	Vardafjell
					Bjørgene

**FoU-enhet for samhandling**

ved Høgskolen Stord/ Haugesund

Bjørnsonsgate 39

5528 Haugesund

Telefon: 48 24 68 11

E-post: [info@fousam.no](mailto:info@fousam.no)

[www.fousam.no](http://www.fousam.no)